



Utlysning etter mattelærer ved Fiksdal Friskule

Fiksdal Friskule opplever vekst i elevtalet, og ønsker å tilsette ein dyktig mattelærer i inntil 100 % stilling etter avtale frå 1. august 2023. Vi søker etter ein lærar som er:

- Positiv
- Engasjert
- Kreativ
- God på relasjonar og ser elevane
- Fagleg sterk
- Glad i å kombinere teori og praktisk læring
- God fagleg kompetanse innan matematikk på 1. – 7. trinn
- Dersom du har andre fag i tillegg, er dette positivt

Dersom dette er deg, ønsker vi gjerne at du søker stillinga ved Fiksdal Friskule. Vi er ein ny og spennande skule i vekst med til saman 28 elevar på noverande tidspunkt. Elevtalet vil minimum verte 32 elevar frå neste skuleår for 1. – 7. trinn. Vi er godkjend for inntil 60 elevar.

Ulike fagkombinasjonar kan vere av interesse, men fagleg tyngde innan matematikk er avgjerande. Elles set vi pris på at du er praktisk anlagt, tek ansvar og er sjølvstendig. Er du interessert i friluftsliv og generelt det å vere aktiv, kan ein jobb ved Fiksdal Friskule kunne passe nettopp deg. Vi har mellom anna satsa på nye og oppdaterte fysiske lærebøker i alle fag til alle trinn etter LK20. Vi har også investert i IKT, digitale ressursar og lisensar som støttar kompetansemåla.

Vi tilbyr ein spennande arbeidskvardag saman med engasjerte og kreative kollegaer. Saman er vi eit unikt team med motivasjon og vilje til oppnå fagleg utvikling og trivsel. Vi tilbyr konkurransedyktige vilkår knytt til løn, forsikringar og pensjon. I tillegg kan vi love kjekke dagar på jobb der vi nyttar naturen og lokalmiljøet heile året. Vår visjon er å ***lære gjennom å gjere***, noko vi prøvar å leve etter kvar dag.

Sjå gjerne vår Instagramkonto [@fiksdalfriskule](#), for eit innblikk i ulike store og små høgdepunkt sidan starten 22. august 2022. Heimesida finn du på www.fiksdalfriskule.no . Ta gjerne kontakt på telefon **45 39 13 18** for meir informasjon.

Søknadsfrist er 20. april på e-post til rektor@fiksdalfriskule.no .

Lære gjennom å gjere